

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Løten

Emne: Baking

Bygdelag: Søbygda

Oppskr. av: Aksel Andersen

Gard (lapp) Fagerbun

(adresse): Adalsbruk

G.nr. 221 Br.nr. 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## 1. Korn og kvern.

På Kjøskad finst det ei handkvern, den einaste eg her fått spulaug på i Løten. Ho blir myk til å mala salt på. Ingen hugar kva tid slike kvernar var i bruk til kornmaling. Johan Adalen, huseigar ved Adalsbruk, 80 år, herner eit ord um det mijålt ein fekk av dem: „Ein hundre bera det i eit reip.“ - Heller ikkje finst det att folk som har vore med på dei gamle bekkekvernane.

A.

I ein artikkel i Hamar Stiftstidende 5/2 1931, Beskrivning av møllebruk på Hedmarken, opplyser konsernator Bleken-Nilsen at i 1819 var det 7 bekkekvernar og 12 store kvernbruks i Løten; men etter ei liste over gardar som var eigd av kvernhusa sine i 1800, var talet på gardskvernar mykje større, d.e. 46. Artikkelen endar med dei soda at „det later til at den siste bekkekvern på Hedmarken gikk i sta i 1890-årene, i en avsides grend med lang vei til nærmeste møllebruk“. Men namn og skad blir ikkje nemnt. I mottaknad til dette fortel jønnumur Johan Adalen at i 1843 reiste bestiffer hans fra Ormsøtu i Vangs-åsen til Nordbrynkverna i Romedal med meld, ein lang veg til ei bygde-

B.

B.

B.

Kvern.

Ei bygdekvern av same slaget som Nordbygnskverna var Gamlehuset i Løten, bæ etter Svartelva. Johan Ådalen var med i Gamlehuset på leigemaling eingong. Det var i 1884. Han hegsar at du hadde dei 2 sammalingskvernar og ei sikkvern. Etter opplysingar fra myntaren på Nordbygnskverna i dag, O. M. Lövlien, 56 år, må sikkverna i Gamlehuset haft flintsteiner, og sikkha vore 6-kantsikt. (Bekkjekvernane, han, har bare haft eit slag kvernsteiner (av Selbu-slaget!), med eller utan sikt.) I staden for sikkvernar av naturstein nyttar dei no valserkolar. Sikkvernane hadde lett for å taka med noho av skallet; men valsane skavar mjølet fint frå skallet.

B.

B

3

Av mjølslag hadde ein då både få og no <sup>1)</sup> grøp (det groormalne mjølet), <sup>2)</sup> sann måle mjøl og <sup>3)</sup> sikk-mjøl. Tok inn alt frå sikkha, var det samsikta, tok ein undan fyrstmjøle og sistmjøle, fekk ein finsikta mjøl.

Grynmjøl er etter måten nytt (um lag 40 år (Lövlien). Det nyttar dei til grautmjøl, f. d. i vassgraut. Ein shalar fyrt av såda av brygget og mel so resten. Det blir eit helse-samt, vitaminrikt mjøl, av di himma innanfor såda blir med i malinge. Men bryggryn han dei lega frå gammalt i bygdekvernane. Dei mol ho på ein grynbank, ein Stein på ein spindel og utanpå ein kapsel (kjipp), eller dei hadde ei grynkvern med slette steinar til å taka av skallet.

B.

Rasa<sup>4)</sup> eller skredd havremjøl fekk dei

"rasa" er det elste ordet; rasakvern er likins gammalt.

no med opissmaskin eller shakkemaskin.

Erkermaling var det meir av fir enn no.  
Det er ikkje høntrøygj på eter, og avlingane er  
ikkje so store stått. Likeins har det gått attende  
med rengryphinga, sejer Lövlin. For 30 år siden  
hunde ein gard koma med 4-500 kg røy til maling,  
men no er det henskj eint seld, og ofte ikkje det.

Havr og bygg i semen var blaunkkourn og  
skulde turhest. Tørke fanst det på alle heumar.  
Men riktmjål vart ikkje turka (Johan Ådalur),  
og til dypemat vart kornet gjerne rāmoli.

Når dei reinsa kornet med lastskövl på  
låven, vart veggerauma fyrt og fremst leiki  
til frø, men noho jamvel til brödmjål. Fram-  
kring der lod dei so etter kvarande restar av bröd-  
mjölet, kröstermjölet (til og med lettkounne) og  
so angna til sörgmat.

Kornsleg til baking har fra gammalt vore  
havr, bygg og rug. Heimeavla kveite kom ikkje  
i bruk i Låtmr før ut i 1920. åra. Hanne Hen-  
riksem, hushaldar i Rømedal, hengar ho gjekk fram  
ein fyrt kveitahorn der i 1914. Mykje O. M. Lövlin  
meiner det er noho lenge sidan han var med og mol  
den fyrt kveitahorn. Men dette kornet var so sotfugt  
den gongen at folk gav seg med det ei tid. (Utbalen  
på ordt i Låtmr - Rømedal er vekt.) Havr og bygg ville  
mest til flatbröd, rug til omnsbröd og finare bakske.  
(Nøren um det under dei ulike bröda og hakeslaga.)

## 2. Mjölet.

Det er ikkje spurt at mjölet til vanleg  
har vorte reinsa til heimebaking utanom den  
sikkinga som han gjatt fyre seg i kverna. Sæld  
har difor ikkje vore mykje, desons ein dé ikkje

shal rekna med at det ein hende gong har vorte leke ut litt så eller anna rusk med i sila mijølet gjennom eit fint dørslag. (I siste krigen hunde det likevel henda at det vart leke ut litt grovmjøl or den kveitun som var etla til kakebaking. Ein tank da hefta he ein sildedek-bit til hjelpe.) Grovkli har vore nytta til dypnet, på sørpe o.l. Regkli hunde ein slå kolande vahn på og nyte ha når ein skulde laga flatbröddeig; då hekk han betre i høy (Olava Thingstad, føderidshone ved Ådalstruk, 78 år.)

A.

B.

### 3. Nymale mjøl

Havremjøl blir snigjt harskt; dfor galt det i bruka av det so snart råd var. Regmjøl derimot skal heldt liggje over frå det eine året til det andre. Omnibrödt vart gjerne fungt når ein baka av for ferk reg. Erkronmjøl klædder seg snigjt, blir dfor iakt, vergtatt.

Shal ein laga gjøra bröd, må mijølet ikkje vera kaldt. Ein tek det inn i ei warm stove fyre bakings. (Ordet "kve-inn-ver(m)t" het ikkje framandt; men bygdefolket kjem ikkje med det av seg sjølv, so det ser ikkje ut til å vera aldjengt.)

A

### 4. Tannmann på korn og mjøl

er meill; men under det kjem kornet brod eller annan brödmot. Grön er korn og ikkje mjøl. Tordt kounn har det elles jor lege meiningsa brygg; men det er det no slutt med.

A

### 5. Baksten.

Baking i leg eller som byttesarbeid har ikkje vore vanleg her, men kan sakkha gått for seg når det har hørt.

Flinke bakslekkjerringar har vore i vinter  
både før og no. Kari Horsveen, Adalsbruk,  
som no er over 90 år, fortel at det i si tid  
kom bod etter henne både fra Sang og Romsdal  
og Elverum.

B.

### 6. Brødslag.

Ein gav her ut ifrå at det er meint  
brød som er lega heime, og ikke det som  
blir kjøpt på butikkane.

Av omnsbrød kan då nemnast ymse  
typar av ragbrød, blanda med kveitegrøjt  
og med eller utan pekaker. Mjølk eller vaten  
kan nytast til vate. Loff av kveitemjøl  
blir det baka, og vøltekaker med reinsiner  
når det vryske til det. I staden for vørker  
blir gjerne nytta sirup no.

A.

Før i tida var det mykje lavremjøl i  
omnsbrødt, det glove som det gjekk mest  
av, og Johan Adalen sildtar det som kaka  
var so stutt i "innmaten" mang ein gong  
at ho rauk hvert av når dei bar ho på armen  
opp or kjellaren. Grovakkua var det lange havn-  
sau i, seig i Kari Horsveen; ho ladd, gäst i gala"  
den gongen ho var ung, og høgga at det var haren  
som husmennene fekk dei og lauk nytta både  
til supmat og brød.

B.

B.

Utanum grovakkua hadde dei 2 andre  
slag som dei bakte til jul: 1) sikshaku av sikka  
kjøring og 2) sikshaku av heimreg. Den siste  
var millomfin, og av den fekk tenarane når  
dei skulle ha julegave (Kanna Henriksen, hushal-  
dar i Romsdal, 25 år). Sikshaku med ekte vølter finast.

B.

Ess-kavring eller ess-lompe baka dei

av omnusbrøddeig på bakte eller ovn når dei ikkje hadde steikomn eller bakeromn.

Eit anna slag brød som vart kalla Hardkaka stekkde dei på omnensida, særleg når det var figurar på ovnen som ein kunde klappa deigen fast til. Det blekk emnet til at det var stekkt på den eine siden og dakk ned. To la det opp på ovnen eller i omnasporken og stekk det på den andre siden. Hardkaka-brødet var gjort av flatbrøddeig, og shuleborna kundr ha av det til nista. „Ringer“ kalla Kari Storsveen desse brøtlevane. Smågjentkone vore seg på å stekja dei, fortel Olava Thingstad.

B.

Efter dette er det ikkje noko stort umskifte fra før til no når det gjeld namn og tel på brødslag. Eisskavringen har gått ut og kveitekoffin kom inn, og havrea er kommen i bakgrunnen. (Havregrynsgrain kokar same og har i brøddeigen no.) Men kvaliteten må ha betra seg., Det var mye surkaka før” (Kari Storsveen).

B.

Brødslag som har namn etter andre bygder eller landsbyer er ikkje spurt. Same fortel t. d. at dei har smelt „nordanblefse“ som farande føll nordanfra“ har haft med seg; men dei har ikkje spurt etter bakemåken og lort seg kunsta i laga ho. „Svenskekaka“ meiner Kari Storsveen ho har hørt gjele, og det hjem fyre henne at det skulle vera noko som likna på esslonge og var hekta med gaffel; men ho kan ikkji skå inne for det.

B.

#### 7. Gjestvom.

Ordet gjestvom er ukjent i høten. Og gjestene må taake til bakte med dagsens kost

dersom dei kjem eventuelt, og ingen baktebukk  
er i nærliken.

### 8. Glokake

er likeins ukjend. Folk veit ikkje av anna  
enn sild som kan stekjast på glo, og so po-  
ketor, når dei gjorde opp varme i potetonna  
i gamle dagar og stikk av dei potetone som  
dei grov opp. Nøgfolk har noho dei stekjir  
i panne-av kveikmjøl m.s.-som dei kaller munk,  
og ein graut dei rører i hop av feite og mjøl og mos-  
mør som dei kaller sluring. Men det er noho  
annan.

### 9. Flatbrød. (Svar på spørjelista fra Hemnde til gransking av norsk matnaming- bruk i vedlegg i eit tillegg.)

Flatbrødslag frå gammalt var:

1) Hårdegsbrød av havre og bygg, tjukt, til  
arbeidfolket. Vart kalla sauilbrø òg, eller førde-  
gudsbrø.

2) Hainverksbrød av ertu av haorenmjøl eller  
regnmjøl. Skulde gjerne dypkast med vaten til merke  
på at det var eit finare slag

3) Ertbrød. Matte vekast eller rø's  
so dt ikke skulde krypa i hop på lakkja. Rein  
ertbrød var helgedagskost. Samleis var det med

4) Potekbrød, av potekor, ring og bygg av noho  
fint mjøl. (Men ikkje potekor kelleleg langt attmed.)

5) Fymbrød av regnmjøl og kokand vaten  
var likeins fint. Det smakta sott.

6) Møljbrot av regnmjøl og vaten vart  
ete i "mølju" d.e. i lag med flyttende feitt.

### 10. Kneka brød.

Det brødslaget har det ikkje hukast a-

Få opplysninger om.

11. Leiv.

Ordet leiv er ikke mykje nytta. Det er høst berre den ferdige lefsa som "leiv". Ferdigbaka flatbrød er "bröd". Si skive av omussteikt brød heter kakuskjive.

12. Lefse.

Ein koker potkar, med dei 2 gongar på kvæn,  
har på mjøl, harve eller bygg og røgnmjøl og knar med  
hendene. Den eynse mjølblendingane kan giua  
lefsa ulike eigenskapar; men no i dags harver  
ein i røynda berre um eit slag, dersom ein da  
ikkje vil nemna skogslefsa sushilt. I den  
skulde det vera ertu frå gammalt; men ein  
kunnt ha i harve og. Havnelefsa er skjær; har  
ein i far mykje røgnmjøl, blir ho seig, av bygg bli  
ho hard, og likens dersom ein bruker kveitemjøl;  
lefsa drog seg i høg og av kveitemjøl (Ingeborg  
Løken, Adalsbruk, 85 år).

B.

Lefse har vore laga først og fremst til jul,  
til å ha sett sylte (grisesylte), og elles berre i  
serhøve, s. d. til mistle (jfr. skogslefsa). Um ertu-  
lefsa (skogslefsa) fortel Ingeborg Løken at det var  
best å laga ho um hausten. Ho mognar ikkje so  
snøgt. Saman med flesh vart ho skift til an-  
leidfolket.

Noho serleg til å smyra lefsa <sup>med</sup> ikkje  
vanleg. Ord lefseking ikkje i bruk på Hadel-  
marks.

Skilnaden på lefsa og flatbrød ligg  
i steikjinga. Takka ligt vera varmere, so  
lefsa kan bli snøgt steikt. Og so bør ein he  
minst mogeleg mjøl i lefsedeigen.

- Ein framgangsmåte i samband med

X.  
lefsestekking er den at sume let lefse frysa  
so ho skal halde seg fra i muggia. I kaldoer  
hengjer dei ut lefseleivane på snover, og lagrar  
dei etterpå i prosen til hand til opphiving  
når dei skal brukast.

### 13. Bretting.

Flatbrød blir til vanleg ikke bretta; men  
derimot lefse, både til nistemat og anna.  
Ein kallar det a brette. Skoglefse (til nist)  
blir bretta til ein firkant som vedlagde prøve  
synar. Den andre lefse legg ein i høp til ein  
trikant (sjå den andre prøva). Noko særskilt  
namn på hvor del er ikke spurt.

Ingeborg Löhne segjer at sume bakstkringar  
brukte å kjevle til lefsebaking, det eine  
til å baka ut ennen og det andre til å jamna  
og stekkja ut lefse etter ho var ferdigsteikt  
og lagt dubbelt. Men det var fare for at ho  
kund bli rå på den måten, so det var betre  
å stryka berre med hendene og bretta ho  
ferdig soleis.

B.

Det er vanleg å halda dei bretta lefse-  
sidene ned på bælla ein augneblink før ein  
legg leivon ifrå seg.

Som for seg blir flatbrødt ikke bretta,  
dersom det har lag til å slå bakkas på seg,  
blir det lappspai gjøler eller anna til press.  
Å leggja et brød røgt og eit rest plass elles  
hjelpe til å halde utkantane ifrå i krolla  
seg for mykje.

Et flatbrødsleg av det fine som Rikke  
Solbakken, bakselskjeiring i sør Lætm., 73 år,  
kallar lauvbrøds, har vorte oppdelt på bælla

i firkantkar. (Det var regnjål og potekar i det, med kneikjemjal til breidnjål.)

#### 14. Gjær og surdeig.

Å røra i høy vaten og mjøl og lata det stå til det surren av seg sjølv, blir ikke nemnt. Var dei oppriårde, gjeld dei heller ikkje grammen og lænse gjær eller surdeig. Frå alltunna tok dei berrine som dei gjørnde på flaskor, eller dei skuma av flåtgangaren av suuka og hadda, i eitt gangkopp eller i et gangtræs. Eller så dei ein gjora deigbit i en ol av fekk surdeig (Kari Harvæn).

B

Mor til Ingeborg Løken brukte ein stokk med grøper i som ho smørde gang på, og bloftte opp noko ~~av~~ som sat på stokken når ho skulle baka gjora brød att. Denne gangen kunde halda seg i månadsvis.

Vørterbrød kunde dei gjøra med øl; men nærsynkt var det ikkje; for det brodret dei t. d. laga til jul, brukte dei sircup i, det folk minnest no. Og særskilda reglar for kva tid ein fekk lænsefri seg gjør, er ikkje umhala.

#### 15. Gangen er nemnd ovenfor.

Dei kunde noh både bruke skave fra bakhetsrønet og ein liten deigkladel som dei turka og gjørnde på. Når dei løyste opp surdeigen med vaten, hadde dei på litt sukker til å "freske opp" han med (Ingeborg Løken).

B

16. Deigen var ferdiggjøra når han var pypekt. Og so kunde ein stikka handa ned i midten av deigen og sjå om han fykte somst att. Gjorde han det, kunde ein la og hna han opp att. Da skulle han ikkje klima sy på fingrane. Mjukt gjørbrød er dagleg kost no, men

var det ikke før. Brødet blir ikke gjeme øke same dagen som det er steikt. Det har ikke sett seg, er vondt i skjere, og blir udryggt av ei ein lyk ha fukke skivor.

17. Steikjing med surdeig tok lenge bid ein med gjør. Sette ein med surdeig um aften, kundr deigen var ferdig til steikjings etter degurden neste dag. Med gjør kan det gai 3 timer (Kari Storveen). Det blir ikke forfalt noko um varmen når det gjeld surdeigbrød, heller ikke um det var naudsynt å baka brøda ut av ovnen og velta dem inn i den steikjings støol på. Men det har vore vanleg å leggja over dem eit klodde etter ein hafta <sup>et mørke</sup> lede dem ut, etter dei har dampa <sup>unge</sup>.

B

### 18. Hardt gjøra brød.

"Krotakake" eller "hardingkake" er ikke kjend på desse kantene, og spørsmåla her fell difor bort.

Ess-kavring eller ess-lompe derimot var små runde og flatte (kring 1 kumme høye) kaker av omnabrodddeig som varst steikte på takka eller oppå omnen der det ikke fant stekje - eller bakeromn. Men dei var ikke harde anna um i skjere. Når ein åt esskavring, klipper ein han gjorne langsette fyret.

### 19. Steikjings.

Bakeromnar har vore opposette i høiskinf i samband med prisen, eller i høiblaren eller i byggjashus (elohus). Heilt for seg sjølv utanfor huset, hevder ingen desse omnane lenger; men det er tankjelag at dei

Kan ha vore det (Ved Kollsuk i Låken?) Det  
bakeromnene som nedskrivaren har vore  
i nærlieken av, har vore innbygde i peisen  
i sjølvstuebygningen. Det her var tilfelle  
med bakeromma i leirbustader som eg  
har budd i på Ringsaker, og likeins er det her  
i heimen min på Adalsbruk. Husk her har  
bakeroma i kjelleren; peis ligg framkring  
med pipa rett opp. Mål på omnen er  
115 cm i lengde innetter, 55 cm i breidd  
og høgda 25-30 cm der kvelven er på det hø-  
gaste. Han er oppbygd av teglstein, men ser  
ikke ut til å vera brukt. Huset er fra 1899.

Bakeromnane på desse kantane har ikkje  
vore mykje til anna enn å steikja syra  
brod i.

20. Fleire enn ein husstand um same  
bakerommen har ikkje vore vanleg. Men  
i den tida at korkje fant bakeromn eller  
steikjourn i bussmannsstugene, brukte  
huskjerringane å koma på "garden" med  
dignolene sine når dei skulle baka brod  
t. d. at jul. Det vart det nok ikkje behøve  
beraking for.

21. Bakeroden dei mykte i baker-  
omn, var klojvd granned, både grov og  
lang. Noko mål på den vedm som gjekk  
til, har det ikkje lukkast i fe; men alle segjer  
at det galdt i hjerme omnen, so ein kunde  
leggja i passuleg mykje kvar gang. Til groot  
brod trong ein meir varme sunn til fint  
brod (Ingeborg Låken). Til å prøva varmen  
skreide dei myjl over omnsbotnen. Vaat  
det brunt på eit hovleg like vel, rekna dei

A

B

at omnen var varm nok. Greistra òrt i mjølet og flara upp, lauk dei vente til om-  
nen hadde kolna litt.

22. Omnen vart gjort rein med glasaker og lime. Dersom han var jamm  
i botnen, skulle òrt ikkje vera att noko  
sot da. Men òrt hend nok at kuglsteinen  
gjekk sund, so òrt vart djupe dekkur her og  
der. Da var òrt godt at bakeren kjende  
til òrt, so han ikkje la bröderna på dei  
verste stellla. Nokor vat fille på ein  
stav til å gjera rein med ei ikkje nemnd  
heller ikkje at òrt skulle vera eit under-  
lag t. d. av grise halm, so bröda ikkje skulle  
bli far sterkt steikke under.

23. Ettervarmun i bakeromnen  
kannd nyttast til å steikja fleikkaker, til å  
berka knapp, eller til seadturking. (Knapp  
var ein kaffitilschring laga av poteter og rug  
og stundom bygg-kli. Kari Storsveen fortel at  
ein gong ho kom til Håkårud i Romsdal, stod  
det 6 hjerringar der og baka knapp. Dei hadde  
han i ei langrenne, drige som ei athusdør, og  
den sette dei i bakeromnen. Etter turkinga  
vart knappen brend som kaffi og malin på  
kaffikvern.)

B.

24. Utan bakeromn laus føkk hjelpe  
seg med å steikja gjør-brød t. d. mellom  
tva bakkor. Det har Kari Storsveen gjort medan  
ho var huskjerring, fortel ho, både på Håsand-  
bakka og i Tøllingsbu. Ha baka 4-6 brød  
eum gongar og fekk dem likao fine som i  
nokon bakeromn. Ein fødd til med i fyra

B.

(skjøre) under den underste lakkja; men oft var overvarmen på den østre oft galdt mest i passa på. I gryte har Kari ikke sett oft han var baka brød, heller ikke mellom 2 omnslok. Men Johan Adalur hugger ei kjerring i Ådalslaga for 50 år siden som steikte brød mellom 2 flatste steiner.

B.

25. Grisling.

Grislebrød, slikt som bokarane no til dags lager, har ingen greid på at dei beha i heimane før.

26. Brød som vart koka og siden steikt, kan heimelomma ikke koma med domine på.

27. Brödlay koka i ei krukke  
kjennar dei heller ikke til.

28. Korleis gjører ein brödt?

Brödmakar blir lagra på stabbur, i masta, kjellar osb. Flatbrödt står i stöer på eit underlag (kasse, trakk o.l.) på golvet, omns-brödt gjerne i kistor eller boksar. Trøtt vir um hausten kan kakna megnar på nobre fåe dagar i kjellaren; men elles lett til seg nok gjeva i fe ho til å halda seg 2-3 vikor. Da må ho vere godt steikt.

29. Kakestempel og figurkaker.

Utskorne kakestempel har falk like greid på her. Men nedskrivaren hugger fra sin barndom på Ringsaker for snart 50 år siden at oft vart baka noko dei kalla bånkakin til jul, sma omnsbröd med rosiner i som hadde ein høne-figur til stas på toppen.

H.

8.

31. Til kakor av mjölk og mjølks  
 lyk reknes paininkaka. Hør han skeikja ast  
 både i panne og på tafaka og er mykje mytta  
 i Heidmarksbyggdene. Mjölk er byggmjölk og  
 mjølka skummanmjölk; men vil ein, kan  
 ein ha i egg og skeikja ho av kveikmjölk.  
 Sumre bruker rasp-paininkaka; i den er  
 iblanda råe, raspta protekar.

I blo'ja-paininkaka er det blod og bygg-  
 mjölk og bygg-grym.

Paininkaka blir rekna for hvardags-  
 kost. Det som blir att etter middagen, kan  
 etast k. d. neste morgen.

32. Leiskist namm gir deg som  
 er i hopknadd i handflata er ikke sprett.  
 Noko som blir kalla neva graut har van-  
 hileg ingenking med dette å gjera. Namnet  
 blir mytta stundom um rett hileg hardkost  
 vater og mjölk til ein fast graut.

A.

33. Kakor skeikt i jarn

er vaffler og goro, både bro'goro og krom-  
 kaker og skrull. (Bro'goro blir kalla deig-  
goro òg; det er det eneste av desse goro slaga  
 som blir baka ut med kjøle.)

Vaffelbriða kan ha um lag same  
 samansetnaden som pa'inkakin-röre; men  
 i römvaffler er det hukk fløyte, so atter  
 da gjestebordskost. I deiggoro er horudenna  
 fløyte og feitt, i kromkaka mest egg og smør,  
 og i skrull er fløyte det sirkusgarde. Kromkaka  
 har kromarkhusgjord, skrull er i høgrälla  
 over eit sylinderisk bestykake, og deiggoroa  
 eller bro'dgoroa er flat.

Kryddol har vore mygta i oransbrod,  
s. d. karve.

### 34. Bork.

I manns minne har det nok ikke vært mygta bork til menneskemat her ikkje. Mor mi tala på det, segjer Ingeborg Løken som no har fylt 85 år. Men nære opplysninga er ikke så få. "Borkbrodstidua" byttet ein gā til borkar før å få greide på.

Kari Storsveen heusar at mor hennar fortalde at dei mol bork på handkvern og at dei finkjente reighalm. Kari er over 90 år. Ho klagar ikke over mjølet i siste krigen. Ho talar i skadon um haren som dei fekk "i garda" (gala) og laut bruka både til supmat og i brød. Og det var mye sur kakū i gamle da'r, segjer ho.

B.

### 35 - 38.

Johan Åidalen meiner han har heitt at det var furnbork dei helst mol opp. Ein skildring er det rådlaust i spryja etter.

B.

### 39 - 41.

Broddmåsa til grisemat vert mygta mykje i siste krigen; men at folk har øte han i manns minne er ikke spørst. Ein plank som veks på myrar og liknar kalla har likeins vært mygta til å hoka grast av et griser. Det blir kalla blekk i Sør-Heidmark, men bleikje i Nord-Heidmark. Rikke Tolbakkum, Hørsund, 73 år, talar elles um 2 slag blekk: grisblekk og gjæsblekk.

B.

- Beinmjøl blir mygta til dyremat, og det er ikke funne prov på at det var folkemat mygt,

NORSK ETNOLIGISK GRANSKING

NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

850

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

028

Emnenr. 4

Fylke: Hedmark.

Tilleggs**informasjon**.

Herad: Løten

Emne: om potetkavring eller lompe.

Bygdelag: Sørbygda.

Oppskr. av: Axel Andersson.

Gard:

(adresse): Adalsbukk.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Under punkt 12, lefse,  
 skulle det ha vore med noko ord um potetkavring eller potetlompe. Det fyrste nemnet  
 høyrer ein mest i Nord-Hedmarkshøydedene, det  
 siste i Sør-Hedmark.

Det er ein bakt som er svært vanleg,  
 særlig um hausten.

Ofte bakes dei potetkavringer til slutt  
 etter lefsebaking. Det er i røgnede same  
 srirket, men kavringen er tjukkare og mindre.  
 Det skal vera sa like mjøl (byggmjøl) som  
 mogleg i han.

Ein han antar kjevla ut kvart emne  
 for seg, eller ein kan laga ein stor leiv og skilla  
 ut kvar kavring med eit kjeklok.

Dei laga digre nölar med lompe um  
 hausten, fortel Kari Storsveen. Tøltost og  
 rømme grøi var godt. Felt lompe bør  
 til fördugnad og effasved.

I sioste krigen at ei ein dag lompe  
 og ein dag potetkavring, segjer Kari. Ho  
 meiner at dei at det same stort.

Potetkavringen held seg ikke lenge.  
 Han må gjøymast - liksom flatbrød og lepe-pa


028

850


18  
eiturt og kjøle stelle.

850


NORSK ETNOLIGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY




1




2




3




1




2



3



4



5

Skogslefse-bretting.

Tegnet ut etter brettete papirleiver. Mars 1951. R.F.

850